Anna Roggloy.

Ei Segn fraa Nordland i Songar.

Av

Eberg.

Kristiania.
Nils Lunds Forlag.
1881.

Anna Roggløy.

Segn fraa Nordland i Songar.

Av

Eberg.

Kristiania.
Nils Lunds Forlag.
1881.

J. Chr. Gundersens Bogtrykkeri.

Fyreord.

Nordland hev Segnir, som gjeng heilt up i Tidi kringum 6—7-Aarhundradet; og det hev heimstadsbundne Eventyr. Eg høyrde fleire, daa eg var Veslegut, og eg veit, at dei aldri hev voret prenta i nokon „Samling". „Heming unge med Skio" er t. D. kjend som „Vefsnværing" (Mann fraa Vefsen). I Bygdarne Throndarnes, Ibestad, Kvedfjord liver Sagamenn som Thore Hund, Aasbjørn Selsbane o. fl. paa Folketunga. Gardsnomn i Throndarnes hev sine Segnir, som gjeng inn i Aasadyrknings-Tidi. — Eg vilde fortelja dette her for hævare Norskdomsstrævarar enn eg kann vera. —

Den Segni, som her vert framlagt i Songar, er sann. Ho vert enno fortald — ho og mange andre like — i Throndarnes og dei næmaste Bygdarne. Men du kan høyra den sama Segni fortald i mange og motstridande Avbrigder. Soleids høyrde eg og denne Segni, daa eg var liten, fortald paa mange Maatar. Særleg tyktest Minnet um „Mordar-Anna" at hava ein ustø Farge, men

skjildest lel helst i tvo store Avbrigder, der den eine fortel, at ho var skuldlaus, og den andre, at det var henar Hovud og ikkje Ivar sit, som beit i Graset, daa dei vart retta, og at ho var ei Trollheks. Eg hev prøvt at binda Segnstubbarne saman til eit heilt Bilæte, og lagt det, eg høyrde Mor fortelja, til Grunnlag, daa eine det tykteſt meg gjeva sovidt Blomar, at her kunde verta ein Song-Krans. Der det mest var sundrivet og burtkomet av Segni, hev eg daa dikta for at bøta Stykki ihop. — Eg vilde ikkje taka ei av dei finare Segnir som Emne, avdi eg ikkje vaaga tru paa meg sjølv og var rædd for at skjemma ut det, som var betre vert.

Dette Arbeid vert daa helder myrkt og turt paa fleire Stader, som det vil merkast. Men eg kunde ei betre, og eg fær vona, at Domen verter mild yvir sovel „Anlæg" som „Form" og „Udtryk", daa det er „Nymørings-Arbeid" (mit fyrste Arbeid).

Dei Stader, som nemnast i Songarne, er nemd etter Segni, og sjeldan ror Bygdarfolk enno framum deim utan at minna um Segni.

Juni 1881.

Nordland kveder.

Eg laag her og drøymde og dusad',
eg visste 'kje sjølv av den Tidi, som gjekk.
Med' Ishavet fossad' og brusad',
daa netup eg venaste Draumarne fekk.
Eg tyktest, eg somnad' igaar;
men — Notti var femhundrad' Aar!

Forlengje eg sov! — Det var galet!
Men eg hadde stræv at so hardt og so trutt,
vart fyrst difyr trøyt utav Balet,
avdi eg, kannhenda, for tidlegast ut:
Eg byggde meg Skaale og Naust,
fyrenn eg saag Soli i Aust.

Daa Thrøndar og Raumar og Dølar
steig fram og vart gjæve i Strid og i Leik,
daa flaug eg paa skumkransad' Kjølar
til Møte med deim, so der mange vart bleik.
Me prøvde kvarandre og fann,
at Mann høver saman med Mann.

Eit Handtak vart Enden paa Striden,
og sidan me fylgdest i Vondt og i Godt.
Og stendugt eg ned gjenom Tidi
eit Ord hadde med baad' i Stort og i Smaatt.
Og hoggde mi Vila eingong,
det heilt gjenom Norege song.

Daa framande Herrar fekk Ordet,
daa vatt eg up Seglet og siglade heim.
Ved Drykkjen um Kvelden ved Bordet
eg myrk sat og tenkte paa oss og paa deim.
Eg skjemdest og harmast i eit,
til eg vart utmasat og trøyt.

Daa la' eg meg ned til at minnast
dei daadfagre Dagar, eg livde til daa:
„Aa tru, um dei enno kann vinnast!
Aa tru, um eg enno ein Gong kunde naa
so fager, so hugstor ei Tid
som den, som er gjengen forbi!"

Eg somnade ind, og eg drøymde
um alt, eg var med i i Tidi, som gjekk.
Men seinstpaa eg enndaa d e t gløymde,
og Svevnen meg hejlt ind i Notti si fekk.
Og Livet umkring med sin Straum
eg sansade berre som Draum.

Som Skodde for Minnet det driver
um Elskhug, um Manndraap, um Vildskap og List.
I ufagre Draumar det liver
mangt skoddedimt Minne fraa Tidi so trist,
daa Svevn gjorde Mannaugo blinn
og myrknade Hjarta og Sinn.

Eg vaknad', daa Vaarsoli leikad'
i ljosgrøne Bjørki, og Fuglarne song
um Stemna paa Eidsvoll og preikad',
at der byrjad' Vaarsongen vent denne Gong. —
— Eg spratt ut or Koven og fann,
at Vaaren laag ljos kringum Land!

Og no hev eg atter meg funnet
eit Rom millom Noreges gjevaste Menn.
Og atter hev Bila mi vunnet
seg Byrdnad der Stridsmenn i Fylkingen stend'.
No vil eg som fyr bera fram
mit Ord utan Blygsla og Skam!

Nys eg høyrde slike Kvede
sud fraa Telemorkis Fjell,
at det skok av Sorg og Glede
gjenom meg lik Sott og Eld.

Taarir draup meg ned paa Kinni,
løyste av dei gamle Minni. —
— Eyvind Finnson, Sonen min,
svara no med Songen din!

Nei, — du kveder ikkje meire!
— Nok me strævar med dit Staal,
men no magtar ingen fleire
kveda eit Haakonarmaal!
Gløymt hev Tunga gode gamle
Maalet sit, som skulde samle
Mann og Møy um Minni sin'.
— Daud er Eyvind, Guten min.

Ein er her, som fram vil bera
Segner fraa mi Drøymartid.
Som han kann, han vil det gjera; —
høyr daa paa hom og ver blid. —
Vert det tungt i Ord og Emne,
d a a, kannhenda, kann det nemna
Sakne, som hev gjort meg saar,
fraa eg vaknad' her i Vaar! —

Throndarnes.

Fagert er der i Throndarnes,
Naar Sumar i Lufti blaanar,
Havet straalar og Lauvet sprett',
og Snjoen i Fjelli braanar.

Vent i eldgamle Throndarnes,
naar Vaagsfjorden er eit Auga
klaart og fagert, og djupt deri
seg Himelens Kjærleik laugar.

Godt at drøyma i Throndarnes
um alle dei Kjempur store
med Midnotssol paa dei gamle Heim
aat Aasbjørn, Vidkun og Thore.

Varmt vert Hjartat i Throndarnes.
Det kjem av den Sumarsoli;
ho er so onnug baad' Not og Dag,
for burt ho skal umkring Joli.

Kaldsleg er der i Throndarnes,
naar Vetra=Stormarne tutar,
Havet frøser kring Øy og Skjer,
og Snjo fyk kring Berg og Nutar.

Hardt i eldgamle Throndarnes,
naar Vaagsfjorden gjeng' i Skavlar
med Baat paa Ryggen og hjelper til,
at Dauden Daudingar avlar.

Fælt at drøyma i Throndarnes
um alle dei Daudrop=Læter
i myrke Stormnot paa vilde Hav,
med' Enkja og Borni græter.

Myrk vert Hugen i Throndarnes.
Det kjem av den myrke Tidi.
Ho varer lengje med Sut og Strid,
fyr Lauvet spretter i Lidi.

Varmt vert Hjartat i Throndarnes,
men myrklynd og vild vert Hugen; —
det segjer Soga fraa gamal Tid
til seinst um Throndarnes=Mugen.

Roggløy.

Vaagsfjord han er stor og breid,
Soneson aat Nordishavet. —
Andfjord utfyr Senje-Øy
hev som Son det fyrste Kravet.
Millom Andenes i Vest
og i Aust der Senja blaanar
rider han den kvite Hest,
han av Ishav-Far sin laaner.

Inntil Kvedfjord, Risøysund,
Kasfjord, Grytøy, Bjarkøy stengjer,
bryter han poa Skjer og Grund,
men daa kjem han ikkje lenger. —
Millom Senje-Øy i Aust
og i Vest der Grytøy stengjer,
Vaagsfjord, Sonen, bryter laust
og mod Sud og Vest seg trengjer.

Viking-Arti gal og vill
hev han ikkje Hug te' dylja.
Lel han somtid elskhugsmild
rullar blidt si blanke Bylgja.

Up ved Throndarnes i Vest
ved dei sumarfagre Strender
likar han seg altid bedst,
blidt og rolegt der han lender.

Fjelli reiser høg og blaa
up seg umkring Vaagsfjords-Barmen;
fagre er dei til at sjaa,
blaagrøn' gjenom Sumar-Varmen.
Hallen, Rolla, Senja glor
austfraa ovundsjuk' men kyrre
vest mot Hinnstein høg og stor
og mot Gryta nordanfyre.

Mange Øyar laugar seg
vent i Fjorden blaa og fager.
Holmar, Skjer den heile Veg
Kransar rundt ikring deim lagar.
Roggløy og Grasholmarne
ligg' i Sud med sine Kransar,
Aarnøy, Maagøy, fleire te'
lenger nord der Fjorden stansar.

Men av alle Lovord maa
Roggløy for sin Venleik hava.
Midt i Fjorden kann du sjaa
ho av Lauv og Blomar lava.

Av det Fugleberget sit
er ho kaut, som ein kann venta:
Gjetord gjeng' der av vidt,
Egg og Dun ho fraa det hentar.

Største Øyi der paa Fjord!
Mange Gardar, Folk og Baatar!
Og ho hjaa seg beint i Nord
hev ei ven og vakſi Dotter:
Litle-Roggløy gjerer Gagn,
passar Fugl og Smaafe matar,
gjever Egg og Fiskeagn,
Dun og Høy, som gagnleg batar.

Som ein Barm i Andardrag
Vaagsfjord bylgjande seg breider
paa ein fager Sumardag,
speglar Himel, Øyar, Heidar. —
Barmen aat ei Kjempemøy
lik han ligg' og bylgjar, drøymer.
Hjartat — det er Roggløy;
— ho vist aldri Segni gløymer.

Segni.

Daa eg var Veslegut, og Far var burte
paa Lofotferd den myrke Vetratid;
daa heime Kvendi og me Smaafolk sturde
og lengtad' etter, Vetren skulde lid', —
daa kom der inn i Stoga heile Flokkar
av Konur, Gjentur fraa vort Grannelag.
Dei sat i Ring um Kola, batt paa Sokkar,
fortalde Segn og rødde mange Slag.

Ein stormfuld Vetrakveld eg daa fekk høyra
den Segni, som eg her fortelja vil.
Havbrot mot Land og Stormhyl i mit Øyra
var ovleg høvelege Tonar til.
For myrk og vill og blodug var den Soga, —
eg tyktest plent det tuslad' i kvar Kraa
av drepne Folk umkring i heile Stoga,
og skræmt eg fram aat Kola tokkad' daa.

I Folke-Minnet tit det Myrke gjøymdest
med særleg Truskap gjenom hundrad' Aar,
og ofte sær du sjaa, det meste gløymdest
av vent og godt, som hende seg igaar.



Det er ein gamal Feil i Mannaheimen,
at Mannen hugsar paa det Vonde mest,
vert trøyt av al den myrke Livsens-Sveimen; —
han gløymde av det, som var vent og bedst.

So hev det seg og trulegt denne Gongen
med denne Segni ifraa Folkemunn:
Det Vene gløymdest. Difyr verter Songen
lik bleike, sutfuld' Blom paa haustsvart Grunn.
— Det grøne Straa, eg her og der kan finna
paa denne hundradaarig gamle Voll,
til Bundel her i Songar eg vil binda
og leggja deim paa Anna Roggløys Mold.

Anna Roggløy.

Bygdi aatte ikkje Møy
ven som Anna Roggløy,
Augo djupblaa, Vokstren fin,
Haaret ljost som Maaneskin.

Bylgjande og fuld og varm
var den helsefriske Barm,
Blomekjinn, — ja ho var frisk,
snøgg i Venda som ein Fisk.

Rik ho var og difyr kaut,
Arving baad' til Gard og Naut,
Egg og Dun og Bruk*) og Baat,
blanke Dalarar ataat.

Roggløy, fagrast Øy paa Fjord,
bjørkevoksi, breid og stor, —
venast' Blomen, som du bar,
alle tyktest Anna var! —

Gutarne paa Fiske ror
Sumarnotti ut paa Fjord,
stemner nord og langt fraa Land.
Kvar ein Baat hev kvar sin Mann.

Og kvarandre langt ifraa
kann du deim paa Fjorden sjaa.
Og dei flytter hit og dit, —
ingen Sta'en Fisken bit'.

Seinstpaa beste Fiske var
vist burtfyre Roggløy-Gard,
for der ligg' no Baat i Baat, —
— der maa Fisken bita godt!

---

*) Bruk ɔ: Fiskarstell.

Morgon'n er 'kje Anna sein.
Mjølkebytta kvit og rein
ho paa Byrdtrekroken*) heng',
til Fegarden ut ho gjeng'.

— Fin i Vokstren, fager Gong!
glad og lett og fuld av Song!
Morgonsoli lyser paa! —
Slik ei Syn er verd at sjaa:

Gauk og annan Fuglelaat
høyrer Guten paa sin Baat
nedfraa Bjørkeskog paa Oy,
— venast syng den vene Møy!

Slik ein Song og slik ei Syn
leika kann i Hugen din!
— Gutann' tenkte kvar med seg:
„Tru eg Lukka fær med meg!" —

So dei ror seg heim tilslut,
steller Fisken, søver ut.
— Kvar og ein daa drøymer, han
verter Anna Roggløys Mann. —

---

*) Byrdtre ɔ: Ok.

John og Ivar.

Forvist Vaarherre hever gjort det Vene
for det hjaa Mannen skulde draga fram
det gode Lynde, — for det skulde tene
til Leidning ut fraa Synd og Sut og Skam.
Det som ei Maning stendugt skulde standa
for Mannen up mot Venleik og mot Ljos;
til dess han seinstpaa eingong blidt fær landa
i Heimen utan Vondt hell Synde-Kross.
Men alt er no vrengt um av vonde Viljer
i Verdi, so du støtt det Syn fær sjaa,
at Livsens Venleik lik med Rosur, Liljer
vert Stridsens-Emne elder trakkast paa. —
So mangein finner Strid **um** Venleik vera
ein Strid **i** Venleik. Men der støtt tilslutt
det Ljotaste, som Mannahug kann bera,
av heile denne Venleik-Strid kjem ut.
For seinstpaa daa, kannhenda, dei vil finna,
som stridde mest: D'er berre Kjøt og Høy. —
— Daa ser dei Makk i Blomen, Kjøt i Kvinna,
og — gløymt er Lilja og den vene Møy. —
So gjekk det i den Strid, eg her vil nemna,
daa Anna Roggløy Tvisteblomen var. —
Til Roggløy for i vonfuld Friarstemna
somangein fager, rik og dugleg Kar.

Men ingen fær du høyra hever Lukka
med seg hjaa Gjenta utav alle deim.
Paa sine Skallen kaut ho slær ei Nukka,
„Nei" fær dei radt — og ror so stusleg heim.
D'er tungt for den, som trygt det bedste vonar,
at venda vonlaus um i Hugen saar:
D'er myrkt um Soli skin, og Fugletonar
er Graat, kvar Drope Dogg ei Taar.
Men hev du elskat rett, so vil du stiga
med Sjæl og Hjarta gjenom Taaresky
mot høgre Venleik, og alt vondt vil siga
i Avgrunn ned fraa Hugen din som Bly.
Det fann og Guten John, daa heim han rodde
fraa Roggløy til Grasholmarne med Nei,
daa Angen bar fraa Land av alt, som grodde,
og Soli seig der attum høge Heid. —
Han var ein Gut, som Baaten kunde laupa*)
i Storm og Skumbrot paa det vilde Hav;
og um han vilde, kunde han og kaupa
seg større Gard enn den, han livde av. —
So mangt eit fagert Smil, han tykteſt merkja,
den vene Gjenta hadde honom sendt; —
slik som no dette Minnet kunde verkja,
det skuld' du aldri, aldri hava kjennt! —

---

*) laupa ɔ: styra.

Alt var no burte, — burte alle Draumar
um henne som ei fager Sol i Heim! —
Det var som Sumarkvelden hadde Straumar
i Lufti kring av kalde Vetra-Eim.
Men Hjarta bankar varmt og kann 'kje vera
med vondt hjaa Gjenta, som du elskar varmt,
difyr du gode Ynskje fram kann bera
for henar Liv, um dit vert tomt og armt. —
Eit litet Minne enno John kann gjøyma
fraa seinste Ferd til Anna Roggløy:
Um Graat i henar Augo kann han drøyma
i sama Stund ho svarad' honom Nei.
„Kannhenda held ho av meg lel! — Eg tumlar
som fulle Mann paa Vegen hit og dit,
og Tankar, Minni, Draumar, Voner rumlar
umkring i Skallen! — Tru eg vert deim kvitt?"

Ivar Knutson Tenneviki var
høg og sterk og aatte Baat og Gard.
Han i Dragsmaal var den fyrste Gut.
Kniven hans flaug lett or Sliri ut.
Heile Bygdi tykte det var Skam,
som han ofte kunde fara fram,
bry seg inn paa mangein, som var veik,
alt til dess, at det vart blodug Leik.
Og daa var 'kje Ivar den, som fekk
Meini, men som fri fraa Leiken gjekk.

Ivar Knutson og som andre Nei
fekk som Friar burtpaa Roggløy.
Men daa vart han vond, og høgt han svor,
at han skulde leggja daud paa Jord
den, som Anna heldt for betre Kar,
enn han Ivar Tenneviki var.
Og han mumlade daa vill og vond:
„Tru det er 'kje Vesalkrypen John!
Men han skal deg aldri, aldri faa!"
— Anna bleiknade um Kinni daa.
„Anna! — gjev meg Ja! Ver snil og blid, —
daa eg verter betre al mi Tid.
Men gjeng no mi Elskhugs-Von ikoll,
ja — daa gjerer du meg reint til Troll!"
So den spræke, rike Ivar-Kar*)
Friarordi fram for Gjenta bar.
Men det munad' inkje; Nei han fekk.
— Anna skolv av Rædsla, daa han gjekk.
Difyr kom ei Taar, daa Nei ho ga'
John. Ho vaagad' ikkje svara Ja;
vonde Ivar vilde gjæta paa,
og ihel han snille John vil slaa!

---

*) Ei nordlandsk Ordvenda, som brukast baade i vyrdande og foraktelig Meining um ein.

Vent og Stygt.

Der Skatten er, er Hjartat med, —
det er eit gamalt Ord.
Paa Landet John finn' ingen Fred
og ut paa Fiske ror.
Han hadde stræyat trutt og hardt
for Hugen at faa vendt;
men mange Gonger verre vart
hans Hug av Lengting brennt.
Det vart so trongt, det vart so armt
umkring den gjeve Gut,
so tungt for Andardraatt og varmt,
— og so han rodde ut.
Paa Havet er der svalt og godt
og kyrrt og stort og vidt.
og særleg daa ei Sumarnot
du der fær anda fritt.
Der kann du kveda Elsken din
so trygt av Hjartat ut;
og kjem ei Taar nedpaa di Kjinn, —
der ingen er, som difyr finn,
at du er vesal Gut! —

Der Hat hev Heim, hev Hemni med,
det er og sanne Ord. —
Paa Landet Ivar fann 'kje Fred;
han Byrsa tek fraa Veggen ned,
paa Skyttarferd han ror.
Paa Havet er der godt og svalt,
— helst Landet langt ifraa!
Um der du gjerer nokot galt,
so kann deg ingen sjaa! —
So tenkte Ivar, daa han skauv
seg paa sin Baat fraa Land.
Det angar godt fraa friske Lauv,
og Fuglar syng' so vent; men dauv
han er, den arme Mann. —
Han hugsar John. Grasholmarne
og John sin Heim han lender ved
so kyrrt, som bedst han kan.
Han ser, at John sin Fiskarbaat
er burte, og han tenkjer: „Godt!
Til Roggløy Gut! og ber deg aat,
so alle segja kann med Laatt:
Sjaa um 'kje Ivar vann!"
Han beint aat Roggløy-Garden ror;
men der er nottekyrrt.
Daa austum Øyi og mot Nord
han stemner. Paa den heile Fjord
han ingen Fugl hev vyrdt.

Tett upmed Fjøra fram han ror,
og alt i eit han stirer nord; —
up mot eit Nes han snikjer seg
og stansar so sin Veg. —
Der fær han burtanfyre sjaa
— eit Byrseskot fraa Land —
ein Baat paa Fjorden blank og blaa
og i den Baat ein Mann. —
„D'er John! D'er han! — Aa den, som — han! —
forutan Hemn og Mein
slikt Kryp fekk slaa i Baaten daud
og søkkja ned som Stein! —
Men eg vil venta litt og sjaa
paa deg, min gode Mann.
Og agt deg vel den Stundi, daa
du stemner up mot Land!"
So dreg han Baaten sin so stilt
paa Land, der Lauvet heng'
og skjuler. Augo logar villt,
daa lenger fram han gjeng'.
Attum ein Stein han smyger seg
paa Neset beint mot Nord. —
Det er 'kje hugnalegt for meg
at melda um so vond ein Veg
paa slik ei fager Jord! —

John rodde ut for Fred at faa
paa kyrre, blanke Hav;
men denne Fred, han vilde naa,
vart inkjevetta av.
Det drog og drog med Huldremagt
mot Oyi der i Nord,
og snart han laag, som fyr er sagt,
ved Roggløy der paa Fjord. —
Og Midnotssoli lagde Gull
paa Oy og Hav og Fjell,
og Fuglar svam i Krull ved Krull
og voggad' seg paa Baare-Rull,
som glimade lik Eld.
— Det verste Meinet er vel støtt
det opne Kjærleiks-Saar;
men lel det feller liksom søtt,
og um du kunde faa det grødt,
du Lækjedom forsmaar. —
Mot fagre Oy med Lauv og Blom
John stirer Gong paa Gong,
og kjærlegt med sin klaare Ljom
ho svarar paa hass Song. —
„Ah! — han hev fengjet Nei han og!
Det var daa løglegt, det! —
Den Gongen, Ivar, mist du saag, —
det Stykket er nok rett.

— Men kven —?“ Han Ivar tagnad' braatt,
for ned fraa Skogen trong
der kom i ljose Sumarnot
eit Svar paa John sin Song. —
„D'er Anna!“ — Dette Glederop
fraa John mot Dyi for.
Sit Fiskarstell han legg' ihop
og Baaten snur og ror.
Mot Neset up han stemner glad
og gløymt er Sorg og Sut.
„Eg kjemer, Anna!“ høgt han kvad,
og fram imillom Lauv og Blad
ho kom fraa Skogen ut.
Han for upetter Fjøra, og
med Augo straalande han saag
mot Gjenta, der ho stod.
— Daa small eit Skot — —, og Johnen laag
og veltad' seg i Blod.
For Anna vart det svart umkring,
og Tankarne stod still',
og Skog og Berg og alle Ting
ho tyktest laupte i ein Ring, —
men daa kom Ivar til.
Med eingong Anna sansad' daa;
ho sendte ut eit Skrik
og for som rædde Fuglen fraa
der Maken ligger Lik.

Men Ivar var paa Foten rapp; —
det gjeng' no makleg an
at laupa med ei Møy umkapp
for store, sterke Mann. —
Ho saag, han maatte henne naa, —
ei meire Von ho eig';
og hjartaskræmt ho stansad' daa
og um i Uvit seig.
Han saag paa henne fælt og log;
so bøygde han seg ned og tok
og henne bar heilt vart og godt
og lagde i sin Baat.
Med Augo lukt' og bleike Kjinn
ho kyrr og livlaus laag.
Der smaug seg som ein Straale inn
i Ivars kalde, myrke Sinn,
daa so han henne saag.
Han bøygde seg i sama Stund
og kyste henne snøgt
og villt og varmt paa bleike Munn,
og so han ropte høgt:
„No, Anna Roggløy, er du mi,
du vene, veike Møy! —
Du maatte verta det. — Avdi
laut Grasholmguten døy!"
— Daa fekk han netup Auga paa
ein Baat med tvo-tri Mann;

dei var 'kje Neset langt ifraa
og stemde dit mot Land. —
Ein Byrsesmell i Eggevær
kvar Eigar høyrer lett.
Dei snøgt sprett' up og paa seg klær, —
dei finna vil, kven Tjuven er,
og gjeva hom sin Rett. —
Men Ivar setter fraa og ror
so sterkt som tvo-tri Mann
seg ut paa breide, blanke Fjord
med fagre Anna bleik umbord. —
Dei andre legg mot Land.
Kvat der dei fann, det fælde deim
og heile Bygdi med.
Dei Liket tok og førde heim
sud til Grasholmarne.
Den snille John seg fekk ei Seng
i gamle Kyrkjegard.
— Der søver alt so mangein Dreng,
som gjæv i Livet var.

Det spurdest snart, at burte var
den vene Møy paa Roggløy-Gard.
Og Ivar Tenniviki, fann
dei alle daa tilslutt,
laut vera denna Illgjerdsmann;
i Tenneviki kjem til Land
baad' Meistermann og Fut.

Dei leitar rundt og finner daa,
at Ivar hever rymt ifraa
sin Heim og tekjet med seg Mat
og Bunad, Baat og Fat. —
    Det halve Aar tilende gjekk,
og Fjelli Snjoen bar.
Men ingen, ingen Spurnad fekk
av deim, som burte var.

Mannen i Halleviki.

Aust ifraa Roggløy burtyvir Fjord
der reiser Hallen seg høg og stor
og rekkjer Hondi til Rolla breid, —
den Kjempe elskar den Kjempemøy.

Og bratt stend' Rolla med Fot i Hav;
men Hallen skraanar mot Fjøra av
eit litet Grand, so der Skog fær staa
nedetter Fjellet til Fjorden blaa.

Imillom Hallen sin Fot i Nord
og sud, der Rolla gjeng' bratt i Fjord,

ei liti Vik skjer' seg inn i Land;
umkring er Steinur og Berg og Sand.

Men up fraa Fjøra er no ein Gard,
der ville Skogen den Tidi var,
daa denne Segni der Heimstad fekk
og inn i Minnet hjaa Folket gjekk. —

Um Vaaren etter, daa John laut døy,
og ho vart burte den Roggløy-Møy,
fekk Folk fraa hi Sida Fjorden daa
i Halleviki eit Under sjaa.

Der rudt var Skogen, og Røyk der steig
fraa nye Stoga paa rudde Teig.
Og Folket undrast og tenkte paa,
Kven vilde bu i slik einsleg Kraa.

Daa for um Vaaren i ljose Not
tvo Mann framum paa sin Fiskarbaat.
Dei bøygde inn yvir Viki stilt
og drøymde ikkje um nokot illt.

Dei vilde njosna paa nye Gard
og koma etter, kven Eigar var.
— Daa small eit Skot ifraa nære Land:
daud laag i Baaten den eine Mann!

Den andre vender daa braatt fraa Land
og ror og ror alt han orka kann.
Der song ei Kula for Øyra hans;
han ror og stirer forfæld til Lands:

Ein Baat der stikker fraa Landet ut
og kjem utetter, so der stend' Sprut
framfyre Stamnen; — han stemner paa
den andre Baat og vil honom naa.

Der vart eit Jag yvir heile Fjord,
for alt dei orkar, dei baade ror.
Han, som var fyre, fann Fjorden lang,
tok Tak, so Blodet fraa Fingrann' sprang.

Han strævad' hardt, og altmeir han vann
seg up mot Heimen, den stakkars Mann.
Den andre skynade harmfull daa,
at denne Mannen han ei kan naa.

Daa reiste han seg og Byrsa treiv
og mot den andre ei Kula dreiv,
men raakad' ikkje og rodde daa
til Hallevik, der han kom ifraa.

Den andre sprengt kom seg up til Land
med Lik i Baaten. — Men daa kvar Mann

forstod, kven Hallevik-Mannen var:
„Der Mordar-Ivar hev bygt seg Gard!

Men Anna? Er ho hjaa honom der?
og kann ho hava slik Illmann kjær?
Hell hev han gjort det med henne av
og gjøymt burt Liket i løynte Grav?"

Den nye Garden vert brennt.

Dei rustad' seg godt, baade Lensmann og Fut
med Folk og med Byrsur, med Sverd og med Spjut
og lurade fram seg i haustmyrke Not
og tenkte: „Jau no ska' me knipa deg godt!"

Men daa dei var komne til Hallevik-Land,
daa Garden dei snøgt, men han Ivar ei fann.
Dei leitad' i Husi, paa Mark og i Skog,
— fann ingen og fælen aat Baatom seg drog.

I Stoga der hadde dei funnet eit Svar
paa Gaata, um Anna med Illmannen var:
Kring Veggen hekk Stakkar og Stell, og dei saag,
der meire av Merke paa Kvende-Hond laag.

Daa tok dei til undrast og tenkte tilslutt:
„Kannhenda ho likar slikt Troll av ein Gut, —
at dei held' ihop um det Vonde! — Kven veit!
— Dei liver isaman, det ser me er greit!"

Dei for daa attende til Garden og tok
og Eld lagde kring og nedetter seg drog
og steig so i Baatarne, sette fraa Land,
med' Garden gjeng up i ein logande Brand.

Men ut yvir Bygdi det gjekk som eit Rop,
at Anna og Ivaren dei heldt ihop. —
at ho hadde valt slikt eit fælskelegt Liv
og tykte det gjildt vera Illmanna-Viv. —

Anna.

Ho var nok hjaa Ivar. Den Soga var sann.
Men ikkje avdi at ho vilde.
Han røvad' henn' med seg. — Slik hjartalaus Mann
ei finner slik Syndar-Ferd ille.
Bleik vart henar Kjinn
og myrkt henar Sinn,
og so vart ho tagall og stille.



Ho hadde med Taarir og Bøn stridt imot
med honom i Livet at vera.
So tidt ho i Graat laag framfyre hass Fot
og bad for sit Liv og si Æra;
ho bad um at faa
burt fraa honom gaa,
ho skulde ei vondt honom gjera.

Men inkje det munad'. Ho fekk ikkje gaa,
og stendugt han paa henne gjæter.
Og alt, kvat han vilde, det gjera ho maa,
han bryr seg 'kje um, at ho græter.
Hans Elskhug var radt
daa umskift med Hat,
det kom arme Anna snart etter.

Ho ser, for sit Liv ho ei gjera meir kann,
og tagall ho Hemntankar nørde.
Ho hatad' seg sjølv no og hatad' den Mann,
som i slikt eit Liv henne førde.
„Naar Hemni er stild,"
so tenkte ho vill,
„eg endar eit Liv, eg ei vyrder!"



— Naar litet du røyner av vent og av godt,
um enndaa du beder og brenner,
det minkar hjaa deg og so smaatt etter smaatt,
— der er mangein Mann, som det kjenner.
Men røyner du, at
du berre fær Hat,
— i villaste Hatet du endar. —

Paa Utkik laag Ivar um Not og um Dag.
for tryg kann slik Illmann ei vera.
Han saag daa, der kom heilt av Baatar eit Lag,
og skynade, kvat dei vild' gjera.
Og Garden han daa
tok Flukti ifraa
med Anna og alt, dei kann bera.

Ho fylgd' honom tagall. For Livet var spillt,
um Flukti ho enn vilde prøva.
Og eit brann i Sjæli, — eit Fyremaal villt:
„Eg gjeng 'kje, fyr Hemn eg fær øva!
Den Løn, han skal faa,
bitala eg maa,
for alt, han paa Jordi meg røvad'!"

„Omnen".

Sud fraa Halleviki er ei Hola
djup og stor, og Fjøra ligg' ho nær.
Ind ho gjeng' i nordre Kant av Rolla,
og ho enno Namn av „Omnen" ber'.

Der var Ivar, daa dei Garden brennte;
ytst i Hola sat han og heldt Vakt.
Innst ho Anna, arme, trøytte Gjente,
hadde seg paa Grus og Fillor lagt.

Der ein Heimstad Ivar daa seg lagad';
løynt han livde der i fleire Aar.
Der sat Anna. Ei ho gret hell klagad';
tagall løynde ho sit Hjarta-Saar.

Hemnar-Tankar var den Klut, ho breidde
um det Saaret, ho i Hugen bar. —
Den Ulukkelege tidt seg greidde
slik fraa Vondt med det, som verre var! —

Anna dreper ein Mann.

Kvar Not han Ivar burte var
og stal seg til paa mangein Gard
alt, han til Livet turvte.
Det Tjuvgods Anna lydug daa
til Mat og Klædi stelle maa
i Hola, der ho sturde.

Um Not og Dag ho grundad' paa,
at hjelpa, so dei kunde faa
slik Illmann eingong fakka
Paa denne Maaten vilde ho
for Tap av Lukka, Fred og Ro
faa vonde Ivar takka.

So var det eingong, seint ei Not,
at Ivar hadde paa sin Baat,
daa han kom heim fraa Ferdi,
ein Kamerat, rett honom lik,
so listug, full av Vondt og Svik,
som der er Synd i Verdi.

Dei kvar si Not paa Utferd ror
og røvar kring den heile Fjord; —
den andre gjæter Hola. —
Den Tidi burtkom mangein Mann,
som einsleg rodde under Land
ved nordre Kant av Rolla. —

Ei Not han Ivar rodde ut
paa Tjuve-Ferd. Den andre Gut
skuld' yvir Hola vaka.
Men Anna hadde lengje paa
det vonde Anlet kunnat sjaa,
korleids han det vil maka.

Ho lagde seg, men tok ein Kniv
og løynde hjaa seg. Henar Liv
var likevel lagt øyde;
men verre vondt og meire Mein
av fleire, enn ho fekk av ein, —
nei! — daa ho helder døydde!

Den Notti gjekk. Ho vaki laag.
Han sat paa Vakt, men tidt ho saag
den Elden i hass Auga,
som sagde, kvat ho godt forstod,
hans Hug i annat daa hell Blod
seg løynt og fælsklegt laugad'.

Men Ivar Dagen burte vart,
og Kvelden kom med Myrkret svart.
— Hjaa Anna Hjartat bankar;
for yvir honom, som heldt Vakt,
ho saag, dei fekk alt meire Magt
dei vonde Dyre-Tankar.

Og seint paa Notti stod ein Strid
I Hola daa ei liti Tid, —
so vart det kyrrt og stille.
Mot Morgonstundi Anna drog
eit Lik or Hola. Villt ho log:
„Det Verket var 'kje ille!

Sjaa: — Anna ifraa Roggløy,
den kaute, rike, vene Møy,
ho lett hev for at læra! —
Lat Kniven der i Brjostet staa,
so kann min snille Ivar sjaa,
eg verjar godt mi Æra!"

Han Ivar kom den næste Not
med Tjuvekostar i sin Baat
og fekk det heile vita.
Han saag paa henne vondt og log:
„No, Mordar-Anna, kann eg nok
med Trygheit paa deg lita;

for vert eg gripen, vert du og!
Og der var ingen her, som saag,
at du deg maatte verja.
Men at du drepet hev' ein Mann,
daa du var her hjaa meg, — det kann
med Sanning daa eg sverja!" —

Han Ivar fekk ein Finnegut,
som heime var, naar sjølv han ut
paa Notte-Ferder rodde.
Mot honom Anna heldt seg blid,
vann honom for seg Tid um Tid,
og Hemnar-Voni grodde.

Dei vert gripne.

Den heile Bygd i Rædsla laag
dei miste Klædi, Mat og Fe;
og mangein Mann, som stelld' seg te'
ei Fiskarferd, 'kje meir dei saag.
Dei burte vart med Bruk og Baat,
um Vedret enn var fint og godt;
men kvar det vart utav deim, — sjaa,
det kunde ingen hitta paa.

Eit Manndraap i den myrke Tid
var ei so sjeldsynt. Men at slik
ein Draapsmann laag og stal seg rik
og fleire drap, men lel slapp fri,
avdi at ingen, ingen fann
Gjøymstaden aat den vonde Mann, —
det Hende var so vondt og stygt,
at ingen kunde liva trygt.

So var det eingong seint ei Not,
ein Finnegut kom til ein Gard,
fortalte greit, kvar Ivar var,
og kor dei skulde fara aat
og fakka honom lett og snøgt
um ljose Dag, med' Sol stod høgt;
for daa i Hola si han laag
og sov og inkjevetta saag.

Det var ein fager Solskinsdag
um Sumar'n. Ivar hadde lagt
seg trøyt, og Finnen sat paa Vakt;
daa kom av Baatar heilt eit Lag.
Dei Hola saag og kom til Land,
og stilt dei daa for fram kvar Mann.
Dei listad' seg i Hola inn,
og endeleg dei Ivar finn.

Han laag og sov so tungt og trygt.
Men tett ved Sengi hass dei saag,
at der so fuldt av Verjur laag,
so alle tykte, det var stygt.
Eit Kvindfolk, mager, høg og gul
i Anlet, kom no fraa sit Skjul
og listad' Verjurna ifraa
sin Plass og burt i løynte Kraa.

Den sidste Kniven, som ho tok,
han ut or Handi henar glatt
og ned paa Brjostet Ivars datt, —
det til at vekkja hom var nok.
Up spratt han vill, men honom greip
daa fleire Mann og batt med Reip.
Han saag paa Anna, mumlad': „Godt!" —
Ho svarad' med ein Skrelle-Laatt.

Daa bad han rolegt, blidt og mildt,
han maatte no til Avskje' faa
ein Kyss av Anna. „Mangei Raa
ho gav meg baade klokt og snildt!"
Dei haanlegt log: „Eit fagert Par,
som høv'leg for kvarandre var! —
— So skunde døkk og latt oss daa
paa denne Kjærleiks-Kyss faa sjaa!"

Ho Anna vilde ei; men raatt
dei henne fram aat Ivar drog
og heldt deim saman, med' dei log
og ropte: „Det maa smaka godt!"
Daa saag dei, Ivar listug beit
mot henar Strupe; men dei sleit
deim fraa kvarandre. Anna fekk
'kje Mein. — Dei førde Ivar vekk.

Dei batt og Anna daa, avdi
dei trudde ho var like god,
og at hass Illmanns-Ferd og Blod
ho heilt og fullt var skuldig i.
Dei førde deim til Futen heim
i Bollt og Jarn, forhøyrde deim,
og Ivar nemde roleg alt,
han hadde gjort av vondt og galt.

Men dertil han fortalde og,
at Anna viljugt fylgde med
fraa Roggløy, daa han John skaut ned,
at glad paa alt hass Verk ho saag. —
— Ho vitnad' alt, som her er sagt
i denne Segn; men ingen Agt
paa dette gav, for sjølv ho fann
det rett: ho hadde tynt ein Mann.

Dei vart daa dømde baadetvo
at rettast av ein Meistermann
ved John sin Heim paa Grasholm-Land,
— „for dei var baade like go'!" —
Daa Anna høyrde, at ho der
ved Heimen hass, ho hadde kjær,
skuld' lata Livet, — daa ho log,
for Vanvit henar Tankar tok;

daa orkad' henar pinte Sjæl
ei meire bera, villt ho flaug,
og kvart eit fagert Minne saug
i Villa up og trudd' seg sæl.
Den Arme hugsade kvar Gong,
ho høyrde John paa Fjorden song,
og song sit Svar, sjølv daa ho for
til Rettarstaden yvir Fjord. —

Stegl-Holmen.

Beint utfyre Grasholm-Gard
ligg' ein Holme flat og fager.
Rettarstad der lagat var,
med dei Dømde dit dei draga.

Myrke, ville Ivar laut
fyrst seg leggja ned paa Blokki.
Hat ifraa hass Augo skaut,
so det allesaman skok i.

Segni segjer, Hov'det beit
fast i Graset, daa det trillad'.
Men du Folka-Segni veit
gjerer verr' det, som er illa.
— Anna up mot Garden saag,
kvite Haaret flaug i Vinden,
sælt eit Smil um Munnen laag,
Rodna kom paa bleike Kjinni.

Daa til Blokki fram ho gjeng'
glad og nøgd med Smil um Munnen,
Augo enn ved Garden heng'
like til den seinste Stundi.
Vist ho fagert drøymer daa
um si gamle Ungdoms-Gleda,
trur, at John kan høyra paa,
og tek difyr til at kveda.

Der vart Murr i Mengdi daa.
Fleire ropte: „Ho er gali!
D'er ei Synd paa slikt at sjaa!
Ho maa sleppa fri!" — Men Skralli

fraa ein annan Hop tok i:
„Det er Trollskap altihopa!
No ho narra vil seg fri!
Tak henn' berre!“ Villt dej ropad'.

Etter den Tid Segni med
deilde seg i tvo. Den eine
Luten kjærlegt lyser Fred,
vaager godt um Anna meina.
Men den andre berre veit:
Mordar-Anna, Mordar-Ivar
ille gjorde, Dauden leid. —
— Baade Segnir enno liver.

Anna bøygde trøyt og glad
seg paa Blokki ned og døydde.
Men ho mullad' paa sit Kvad,
alt til Øksi henne øydde. —
Deira Hovud stegla vart
der paa Holmen paa tvo Stakar,
og tvo Stubbar stygg' og svart'
stend' der enn i vaare Dagar.

Holmen berer no sit Namn,
Stegl-Holmen, fraa dette Hende.
Myrke Segn lik svarte Ramn
flyger stendugt dit attende.

— Her i desse Songar finn
du den Segn, som ikkje gløymde:
Saman med det myrke Sinn
Hjartat sine Draumar drøymde. —

Sluttnings-Song.

Segni er ute. — I myrkaste Tidi
alt dette fyre seg gjekk.
No skiner Sol yvir Hav, yvir Lidi,
ljosare Tider me fekk. —
Daa var det trongt baad' i Hug og i Tankar,
Synet var svevnfuldt og dimmt.
Uklaare Kjennslur, som fredlause vankad',
lyser or Segni som Glimt.

Daa var dei maal-lause alle dei Kraftir,
Folket i Sjæli si bar.
Vækst dei 'kje gav desse Kjennslurnas Saftir,
som do i Livet der var.
Faakunna, Villhug var kugande Stormar
yvir kvar Spire, som kom.
Sjølvkjærleik, Hat laag og gnog likjom Ormar
paa kvar ein spirande Blom.



No vert det betre kvar Dagen, som gjenger,
Synet vert vakent og klaart.
Mykje do enno i Faakunna hengjer,
fatigt og sutfullt og saart.
Men, liksom Havet, det siger og siger
fram mot ei fagrare Tid. —
Eingong kvar Evne vel friskare stiger,
lauvfull som Bjørki i Lid! —



Paa mit Forlag er udkommet:

Viser og Sange for Ungdommen. Sam
lede og udgivne nærmest til Brug ved Folk
høiskolerne af H. K. Foosnæs og L. M. Bentsen
3die forøgede Oplag. Pris indb. 1 Kr. 75, o
i bedre Bind 2 Kr. 50 Øre.

Melodier til Ovenstaaende. Gjennem
seede af Ludv. M. Lindemann. 2 Kr., ind
2 Kr. 20 Øre.

Christiania.

Nils Lund.